

Fra: Svanborg, Marit[marit.svanborg@lesja.kommune.no]
Sendt: 23.06.2023 14:41:00
Til: Postmottak SFTL;Heier,
Simon[sftlpost@statsforvalteren.no;simon.heier@statsforvalteren.no]
Kopi: Alme, Sigurd[Sigurd.Alme@lesja.kommune.no];
Tittel: innspel til tiltaksplan i Snøhetta villreinområde fra Lesja kommune

Hei. Takk for utvida høyringsfrist for innspel til tiltaksplan for Snøhetta villreinområde. Lesja kommunestyre behandla saken i sak 27/2023 den 22.06.2023 og har gjort følgjande vedtak som er Lesja kommune sitt innspel i denne fasa av arbeidet (saksutredning ligg også i sin heilheit vedlagt):

Vedtak

Lesja kommune gir følgjande innspel til tiltaksplan i Snøhetta villreinområde:

Hovudintensjon til foreslått tiltak er å betre forholda til villreinen i Snøhetta området. Hovudmålet bør vere å betre vest-aust trekkvegen i Torbuhalsen, og redusere det samla trykket i leveområdet med særleg fokus ved Snøheimvegen og Stropsjødalen.

1. Det må vere lokal myndigheit som vedtar og gjennomføre tiltak i eigen kommune. Tiltaka må utarbeidast i tett dialog med alle brukarinteresser - landbruk, reiseliv, bygg- og anleggsnæringa og deltidsinnbyggjarar.
2. Fokusere på store tiltak som kan gje god og langsiktig effekt framfor mange små lokale tiltak.
3. Bestandsmåla til rovdyr må haldast. Det må innførast handlingsrom til forvaltninga for å effektivt iverksette tiltak for kontrollere bestanden i tråd med bestandsmål.
4. Fjerning av infrastruktur i fokusområde Torbuhalsen, ved jordkabel av kraftleidningane, fjerning av veg eller organisatoriske ferdselstiltak av vegen.
5. Fjerne unødige kraftlinjer som går gjennom villreinområde. Td fjerne 1 kraftlinje som går gjennom dalsida.
6. Redusere motorisert ferdsel i villreinens leveområde. Td avgrense tal leigekøyrar til maks 8 stykk i kvar kommune.
7. Fulldekande økonomisk stønad for omlegging av langrennstrasear som kan bidra til å redusere ferdsel inn i sårbart område, og fulldekande stønad for å auke kunnskap om bruken av ferdselsårar (som ferdselsteljarar).
8. Tilskot til tilrettelegging bort frå villrein fjellet langs med dalføret. I Lesja kommune gjeld det særleg aktuelt ved Bjorli for å arbeide forebyggjande.
9. Opprette punkt for kunnskapsformidlings på Bjorli om villrein og sårbar høg fjellsøkologi.

10. Fjerne digital framvising av stiar som kryssar fjellområde eller som går inn i sårbart område.
11. Arbeide vidare med å kanalisere ferdsel ved Korsvoll og Hjerkin, for å redusere eller kontrollere den uorganiserte ferdselen vest for E6.
12. Auke samarbeidet mellom forvaltninga og næringslivet.
 - a. Sertifisering av guidefirma, auke kunnskapsformidling og kontroll.
13. Prøveprosjekt: Ferdsel i sårbare områder kan berre utførast i samband med guide.
14. Prøveprosjekt: Stenging av Snøheim og Snøheimvegen, landbruksnæringa kan framleis bruke vegen ved behov.
15. Rettighetshavarane og fjellstyra bør vurdere om tiltak i jakta kan eller bør endrast (eks. jakttid, fellesjakt, kvote)
16. Det må ikkje påleggjast restriksjonar som er til hinder for utleige av seter som ei tilleggsnæring i landbruket.
17. Forsvaret må legge sin øvingsaktivitet med lavtflyging med jagerfly over Snøhetta vllreinområde utenom kalvingstida.

Helsing
Marit Svanborg
leder forvaltning



Lesja
nasjonalparkkommune

Telefon: 909 20 323

E-post: marit.svanborg@lesja.kommune.no

www.lesja.kommune.no